

ÅRSMELDING FOR HELGATUN FJELLPENSJONAT AS 2024

Verksemda

Årsmeldinga for Helgatun er eit tilbakeblikk på året som er omme. Helgatun er eit alkoholfritt alternativ der heile verksemda er tufta på det kristne verdigrunnlaget, det er noko mange set stor pris på. Mottoet vårt er «Ekte livsglede i eit varmt og inkluderande miljø» Dette er det viktig å ha fokus på i ei tid der mange kjenner på uvisse og einsemd i ei uroleg tid.

Overnattingar

Overnattingar er den viktigaste delen av driftsgrunnlaget. I 2024 hadde Helgatun 9548 overnattingar mot 10087 i 2023.

Fra januar-mars møblerte me 4 leiligheter i Helgatunlia som ikkje var solgt, dei har me hatt utleige på fra påsken 2024.

Fra mai 2024 starta oppgradering av Helgatun fase 2 – heile bygget er isolert utvendig, isolert og malt grunnmur, ny kledning og terrassar. Alle inngongsparti har fått beleggningsstein, nye utelamper og skilt.

Økonomi og gåver

Driftsresultat inklusive gåver viser eit underskot på kr 1 345 654,-

Mottekne gåver kr 1 051 876,-

Grunnen til at resultatet ser slik ut er oppgraderinga av Helgatun, me har betalt kr 4 093 371,- på oppgraderinga i 2024.

Brukargrupper

Me har hatt mange ulike grupper på besøk i 2024. Menighetsgrupper, skulegrupper, ulike organisasjonar, ungdomsgrupper, leir, kor, eldre grupper + mange ulike selskap.

Arangement

Eigne arrangement i 2024: Vinterferieopphald, familieleir i Palmehelga, Påskeopphald, Sunnhordlandstreff, Damehelg, Friluftslivleir og Helgatunhelg.

Personalet

Jorunn og Aksel Ingvard Johannessen, Joanna og Roman Jacuk alle i 100 %. John Morten og Ingebjørg Espevik begge i 50 % ut juni.

Veronika Jurova i 100 % stilling. Kamila Jurova i 10 0% stilling fra 1.juli.

Styret

Styret har vore samansett slik:

Tore Grønås- styreleiar

Arild Sæle- nestleiar

Tore Skeie- styremedlem

Brit Gjerde Voster- styremedlem

Kjerstin Stokken- styremedlem

Sondre Nesheim- 1. varamedlem

Anne Marie Solsvik- 2. varamedlem
Øystein Måkestad- 3. varamedlem

Helgatunhelsing

Helgatunhelsing kom ut med to nummer i 2024. Bladet er eit viktig organ for å halda kontakten med misjonsfolket, både som marknadsføring, informasjon om arrangement og gjevarteneste.

Arbeidsmiljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet på Helgatun som godt. Det var ikkje alvorlege skader eller ulykker i 2024.

Ytre miljø

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Framleis drift/Utsikter framover i 2025

Årsrekneskapen for 2024 er sett opp under føresetnad om fortsatt drift.

Likestilling

Både styret og leiinga i selskapet er bevisst på samfunnsmessige forventningar om å fremja likestilling i verksemd og styre.

I 2024 hadde selskapet 6 tilsette - 5 kvinner og 3 menn.

Styret består av 3 menn og 2 kvinner.

Takk

Me vil retta ei hjarteleg takk til alle som står med oss i tenesta. Tusen takk for den store dugnadsinnsatsen, gåver, oppmuntring og forbøn. Me treng dykk! Saman skal me vidareutvikla Helgatun til å vera den reidskapen plassen kan vera i Guds rikes arbeid. Den oppgåva er viktigare enn nokon sinne.

Helsar Dykk med 1. Kor 15, 58 « Difor mine kjære sysken, ver støe og urikkelege. Arbeid raust og rikt for Herren! For De veit at i Herren er ikkje arbeidet Dykkar nyttelaust.»

Vossestrand 6.02.2025

Tore Grønås - Styreleiar

Arild Sæle - Nestleiar

Tore Skeie - Styremedlem

Brit Gjerde Voster - Styremedlem

Kjerstin Stokken - Styremedlem

Sondre Nesheim - 1. varamedlem

Anne Marie Solsvik - 2. varamedlem

Øystein Måkestad - 3. varamedlem

Jorunn Fylkesnes Johannessen - Dagleg leiar